

# Førde Venstre

- valprogram 2011 - 2015



## Folk først

Vi vil la gründaren skape

Å satse på læraren er å satse på eleven

Varm velferd handlar om pasienten og den som gir pleie og omsorg

Ei miljøvennleg framtid handlar om eit betre klima for oss og borna våre



## Miljø og utvikling

Førde Venstre vil:

- arbeide for gratis ringbuss i Førde.
- at det skal utarbeidast ein vedlikehaldsplan for kommunale bygg som vektlegg enøktiltak som t.d. fjernvarmeanlegg.
- arbeide for ei sentrumsutvikling som både gjev rom for bustadar og jordbruk.
- behalde ein rein Førdefjord, utan dumping av gruveavfall i Vevring.
- leggje til rette for mjuke trafikantar med gangveg langs Anga frå sentrum til sjukehuset og sykkelvegar både i og utanfor sentrum.
- verne om dei grøne lungene i sentrum og sikre Løken som parkområde.



## Oppvekst

Førde Venstre vil:

- arbeide for ein barnehage- og skulestruktur som sikrar god kvalitet i utdanninga.
- auke grunnbemanninga frå ein til to pedagogar på kvar barnehageavdeling.
- arbeide for auka pedagogtettleik på småskulesteget.
- sikre, og vidareutvikle, drifta av Ungdomshelsestasjonen.
- leggje til rette for gode nærmiljøanlegg som gjev aktivitet både for unge og eldre.
- arbeide for ein struktur i vidaregåande opplæring som tek utgangspunkt i kvar elevane bur og kva kompetanse næringslivet har behov for.

## Samferdsle

Førde Venstre vil:

- arbeide for ein heilskapleg plan for E39, Rv5 og Rv 609 som tek omsyn både til gjennomgangstrafikk og lokaltrafikk.
- arbeide for eit godt rutetilbod på Førde Lufthamn, Bringeland.
- arbeide for kommunale vegar som er sikre og tilrettelagde for mjuke trafikantar.

## **Helse og omsorg – unge og eldre**

Førde Venstre vil:

- leggje til rette for at barn, unge og eldre med spesielle behov, får tilbod om støttekontaktordning for å oppnå ei meiningsfull fritid.
- gje tilstrekkeleg avlasting for eldre og funksjonshemma som får pleie av familien.
- byggje ut tilstrekkeleg med servicebustadar for funksjonshemma og eldre.
- gje menneske med psykiske lidingar og rusproblem god oppfølgjing i eit godt bumiljø.
- framleis føre ein restriktiv alkoholpolitikk.

## **Kultur**

Førde Venstre vil:

- oppretthalde og vidareutvikle Førdehuset som drivkraft og møteplass for kulturlivet i Førde.
- styrke Førdehuset sin økonomi slik at ein kan innføre gratis husleige for aktivitetar for ungdom under 19 år.
- opprette park- og idrettsvesen som skal sikre vedlikehald og tilgang til anlegga heile året.
- arbeide for eit breitt kulturtilbod til ungdom gjennom Kulturskulen og Løa.
- gjennom frivillige lag og organisasjonar arbeide for eit breitt kulturtilbod i kommunen som og legg til rette for å gje nye busette flyktningar ei god integrering i lokalmiljøet.

## **Arbeids- og næringsliv**

Førde Venstre vil:

- arbeide for at Førde framleis skal vere fylket sitt handelssenter og styrke Førde som region- og fylkessenter.
- leggje til rette for eit meir variert næringsliv i Førde ved å utvikle Øyrane og Moskog som industri- og næringsområde.
- arbeide for at det vert utvikla eit godt høgskuletilbod som fremjar nyetableringar.
- leggje til rette for nyetableringar gjennom starthjelp til gründarar, mellom anna ved aktiv bruk av Sunnfjord næringsutvikling.
- sikre den kommunale eigarskapen i Sunnfjord Energi.
- arbeide for at Førde sentralsjukehus framleis skal vere den leiande helseinstitusjonen i fylket.

## Førde Venstre



1. Jan Taule



2. Sindre Roska



3. Lillemor Huus

## Grunnsyn og ideologi – Folk først

Venstre byggjer sin politikk på dei liberale ideane der respekten for det einskilde mennesket står i sentrum. Alle menneska er frie og likeverdige, og i Venstre er vi opptekne av å setje folk først. Venstre skal formidle eit verdisyn bygd på vår kristne kulturarv, toleranse og humanistisk forståing i ei omskifteleg verd. Venstre vil ha eit sosialt og liberalt kunnskapssamfunn, der folk har fridom og høve til å skape sin eigen veg til det gode liv, og vi tar ansvar for kvarandre og for miljøet.

## Tankar om framtida for Indre Sunnfjord

Kommunane Jølster, Førde, Naustdal og Gauldalen er ein sterk region med god folketalsutvikling og ein særskilt godt integrert arbeidsmarknad med rimeleg korte og ferjefrie avstandar. I den komande perioden er dei viktigaste sakene å samarbeide om i Indre Sunnfjord-regionen:

- Ny E39 gjennom Sunnfjord. Dette er den viktigaste samferdslesaka dei neste åra. Vi må stå saman og arbeide for høg prioritet i Nasjonal Transportplan og oppstartsløyvingar gjennom statsbudsjettet.
- Den vidaregåande skulen i fylket er sett under kraftig press, då det er venta stor elevtalsnedgang i åra som kjem. Indre Sunnfjord er derimot ein vekstregion, og vi må arbeide for å oppretthalde og utvikle dei vidaregåande skulane i Førde og Jølster.
- Kommunane kan samarbeide om felles næringsareal, slik Jølster og Førde no gjer på Moskog.
- Sentralsjukehuset er viktig for innbyggjarane i våre kommunar, men også for heile Sogn og Fjordane. Vi vil arbeide for ei styrking av sentralsjukehuset og motverke ei nedbygging av spesialisthelsetenestene.